

Leder Byhistorie

Stavanger
må feire

Stavanger bør feire byens 900-årsjubileum som planlagt i 2025.

Hvem oppdaget Amerika? Hvor gammel er egentlig Stavanger? Det siste spørsmålet er igjen satt på dagsorden etter en artikkel i Historisk tidsskrift. Der legges det fram dokumentasjon som tyder på at Stavanger var en by lenge før 1125, som er det etablerte tidspunkt for byens grunnleggelse. Historiker Torgrim Titlestad har også forsket på dette og sa til Aftenbladet tidligere i måneden at byens 900-årsjubileum bør avlyses.

Han frykter at en slik markering vil skygge over ny viten som fastslår at byen er eldre.

Vi tror tvert imot. La oss feire byen med brask og bram og la nettopp diskusjonen om byens opprinnelse være en viktig del av programmet!

Mye av eksistensberettigelsen til historiefaget er diskusjonen om årstall, navn og hendelser. Stadig nye funn, ofte ved hjelp av moderne, digitale analysemetoder, gjør også historieskrivingen dynamisk. Dette er viktig og bra. Skal vi lære av historien, må vi også kunne diskutere hva som er den riktige historien.

La oss feire
byen med
brask og bram.

Det er ingen grunn til å underkjenne verken Titlestad eller andre historikere som mener Stavanger er eldre enn sine snart 900 år. Det er faktisk all grunn til å stole på dem. Samtidig må vi erkjenne at det aldri – aldri – vil være mulig å fastslå et eksakt årstall for når Stavanger ble en by. Bare diskusjonen om hva som er en by, vil stoppe dette.

Oslo feiret sitt 1000-årsjubileum i 2000, bare 50 år etter at de feiret sitt 900-årsjubileum. Stavanger hadde en ganske storslagen 850-årsfest i 1975, og kan selvsagt være like ubeskjedne som Oslo, men her tror vi faktisk ikke at det er om å gjøre å være eldst mulig. Derimot er det om å gjøre å ha en god diskusjon og høy bevissthet om byens historie, vekst, nedturer, byen og katedralen, og byen og menneskene.

Det er en diskusjon det aldri må settes punktum for, selv om byen fikk sin egen, firebinds historie i 2012 og selv om realiteten kan være at Stavanger snart passerer sine første 1000.

Varaordfører Bjørg Tysdal Moe (KrF) har rett når hun sier at kommunen fortsetter planleggingen av 2025, men at de selvsagt må være åpne for nye funn. Titlestad tror en 900-årsfeiring vil ødelegge debatten om byens opprinnelse. Vi har derimot tro på at byen og regionen trenger en storstilt markering. Så får vi heller «ta en Oslo» og feire ny bursdag i neste omgang.



PITTER

Sommeren i Sandnes kom i år på en lørdag. Værgudene traff Blink.

Gjestekommentar

Spør kva
det kostar!

Avvikling av all olje- og gassverksemd i Noreg innan 15 år er ein dyr og dårleg idé.



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved UIS
og NHH

«Kva kostar det?» er alltid eit kjipt spørsmål å få når det er noko ein har lyst på. Ikkje desto mindre er kjer-
nen i økonomifaget å vise at all bruk av ressursar har
eit alternativ. Og nettopp verdien av det beste alter-
nativet gjev oss ei god vurdering av kostnaden.

I utforminga av politikk får kostnadar ofte for lite
merksemd. Søkelyset blir samla om oppsider og ge-
vinstar, medan mindre plass blir vigd til kva ein må
avstå ved eit bestemt politisk vedtak eller plan.

Det beste er om utsiktene for gevinstane blir sam-
anlikna med kostnadane, og at ein går for den politik-
ken som har det største overskotet. Slik kan ein sikre
at ein får mest muleg for pengane.

Oljestans som klimatiltak

Til dømes finst det klima- og miljøpolitiske interes-
ser som no tek til orde for ei styrt avvikling av norsk
olje- og gassverksemd. Lengst går Miljøpartiet De
Grønne (MDG), som vil fase ut heile verksemda inn-
an 2032. Utover generelle håp om reduserte utslepp
av klimagassar og raskare omstilling av næringslivet,
er det ingen som lét til å ha teke bryet med å tenke

Regjeringa bør få på plass eit
offentleg utval som kan greie ut
korleis klimautfordringa best
kan reflekterast i oljepolitikken.

over nedsidene ved ein slik politikk for norsk økono-
mi og velferd.

Å talfeste gevinstar ved oljestans som klimatiltak
er svært komplisert. Men som minstemål bør dei
vege opp for summen av tapte inntekter og andre
ulemper ved ein bråstopp for olje- og gassverksemda
i Noreg. Og her er tilfanget av informasjon litt betre.

Bråstans i aktiviteten

Ei styrt avvikling av olje- og gassverksemda i løpet av
dei nærmaste 15 åra inneber at alle felt og installasjo-
nar på norsk sokkel må stengast ned, uavhengig av
kostnadsnivå, utslepp av klimagassar, produksjons-
potensial og forventa feltlevetid. For felt som uan-
sett nærmar seg nedstenging, vil kostnaden være til å
leve med, mens felt som akkurat er sett i produksjon,
vil måtte ta store økonomiske tap.

I tillegg vil ei styrt avvikling stoppe alle nye feltpro-

Avisen Stavanger Aftenblad skal ha en liberal grunnholdning med vekt på uavhengighet av politiske partier, grupper og særinteresser.

Fra Stavanger Aftenblads vedtektsfestede formål

MENINGER

sjeikt, samt all leiteverksemd, etter som tida neppe strekk til for å skape lønsemd i slike prosjekt om tepet fell for verksemda allereie i 2032.

Ved ei annonsering om nedstenging innan 2032 vil oljeselskapa sette alle klutar til for å maksimere produksjon og avkastning frå dei felte som allereie er bygd ut før tida renn ut. Paradoksalt nok vil tiltak for bråstans i framtida dermed kunne auke produksjonen av olje og naturgass frå felt som allereie er i produksjon, stikk i strid med intensjonen.

Men viktigare er det at ei annonsering av teppefall for olje- og gassverksemda i 2032 vil gi bråbrems i oljeselskapa sine investeringsaktivitetar. Redusert utbygging vil dempe utsiktene for olje- og gassproduksjonen – lenge før den faktiske bråstoppen kjem.

Enorme kostnader

I Noreg er skattesystemet innretta slik at staten og fellesskapen tek brorparten av kostnadane ved oljeselskapa si utbygging av olje- og gassfelt. Kompensasjonen kjem i form av høg skattlegging av overskottet i produksjonsfasen. Ved avvikling av olje- og gassverksemda blir skatteinngangen frå oljeselskapa avskoren frå tidleg på 2030-talet. Dei økonomiske

kostnadane ved ein slik politikk vil dermed bli spesielt store for staten – og for fellesskapen.

I regjeringa si Perspektivmelding frå tidlegare i år har ein rekna på staten sin del av verdien av alle olje- og gassressursane som fortsatt ligg i bakken. Her har ein kome til at 4000 milliardar kroner er eit rimeleg estimat for denne delen av nasjonalformuen. Den permanente inntekta frå ein slik formue vil være om lag 120 milliardar kroner i året.

Perspektivmeldinga inneber vidare at 1600 milliardar kroner av ressursformuen har opphav i olje- og gassproduksjon som kjem etter 2032. Om ein trur på regjeringa sine framskrivingar, er implikasjonen at ei styrt avvikling av olje- og gassverksemda kan gje 50 milliardar kroner mindre å rutte med på statsbudsjettet kvart år.

Oppsida står neppe i stil

Grove overslag tyder på at bråstopp for olje- og gassverksemda frå 2032 vil kunne redusere CO₂-utsleppa frå norsk territorium med 150–200 millionar tonn. Verknaden på globale utslepp er i tillegg svært usikker, og vil avhenge av i kva grad bortfallet av olje- og gassproduksjon i Noreg vil bli erstatta av andre pro-


ducentland. Det meste tyder uansett på at oljestans som klimatiltak er ein kostbar affære, og at meir kunne vore oppnådd med mindre midlar gjennom andre tiltak. Om kostnaden ved CO₂-utslepp skulle stige i tråd med intensjonane i Paris-avtalen, så kan biletet endre seg. Men marknaden for CO₂-kvoter i Europa ber så langt ikkje bod om ei slik utvikling.

I ei verd med knappe ressursar bør nøysemd og hushaldering stå sentralt i prioriteringa av fellesskapen sin formue. Å sette sluttdato for olje- og gassverksemda innan femten år er eit døme på det motsette. Tapet av inntekter ved ein slik politikk er enorme, og med ein avgrensa verknad på utsleppa av klimagassar blir tiltakskostnaden svært høg.

Om ein plent skal regulere olje- og gassaktivitet for å dempe utslepp av klimagassar, så vil ei gjennomtenkt, varsam og selektiv tilnærming gje ein betre balanse mellom gevinstar og tap enn ei styrt avvikling innan ein bestemt tidsfrist.

Nettopp difor burde regjeringa få på plass eit offentleg utval som kan greie ut korleis klimautfordringa best kan reflekterast i norsk petroleumspolitik.

Twitter: @Mohnitor



Ei styrt avvikling av olje- og gassverksemda kan gje 50 milliardar kroner mindre å rutte med på statsbudsjettet kvart år, om ein tek utgangspunkt i Perspektivmeldinga.

ILLUSTRASJON: SCANPIX

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 23-25

Hvis MDG kommer på vippet...
Anna Kvam, førstekandidat, MDG Rogaland
Trollpikkens motstykke i Sokndal
Martin Hovland, geofysiker, Sola